

GISKE KOMMUNE  
Kontrollutvalet

**MØTEINNKALLING**

03.10.2011

Kopi til: Ordføreren  
Revisor  
Rådmannen

Medlemene av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I GISKE KONTROLLUTVAL**

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**måndag 10.10.2011 kl. 12.00**  
**på Giske rådhus**

**SAKLISTE:**

- Sak 10/11 - Godkjenning av møtebok frå møte 31.05.2011
- ” 11/11 - Rekneskapsoversyn pr. 30.04.2011
- ” 12/11 - Praktisering av offentleglova, ajourføring av postjournal og svar og forholdet til fristar i forvaltningslova
- ” 13/11 - Prosjektplan for forvaltningsrevisjon – Gjennomgang av ressursbruk og rutinar innan spesialundervisning i Giske kommune
- ” 14/11 - Refusjonskrav frå private barnehagar til kommunen – kontroll m.v. (Det blir gitt ei kort orientering av kommunerevisjonen)

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post [kontrollutval@kontrollutval.no](mailto:kontrollutval@kontrollutval.no)

Dag Oksnes  
leiar  
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I  
GISKE KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 31.05.2011. 2010 kl. 14.00  
Møtestad: Giske rådhus

Møtet vart leia av Dag Oksnes

Elles til stades:

Gunnar Morsund, Petra Riste Synnes og varamedlem Jon Hildre  
**= 4 voterande**

Anne Lise Hessen Følsvik og Ove Paulsen hadde meldt forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne og frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Frå Giske kommune møtte rådmann Martin Bostad. Sjef for helse- og sosialtenestene Hildegunn Roald møtte i sak 10/11 og økonomisjef Sigmund Strand møtte i sak 08/11 og 09/11.

Sakene vart behandla i denne rekkefølgjen:

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

**SAK 07/11  
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 5. MAI 2011**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 5. mai 2011 blir godkjent.

**SAK 10/11  
ORIENTERING OM RUTINAR KNYTT TIL TILSYN MED BORN I FOSTERHEIM**

Hildegunn Roald orienterte om ovannemnde tema. Giske kommune har 13 born plassert i fosterheim. Det er oppnemnt tilsynsførar for 12 av desse. Eit born er plassert i

beredskapsheim. Det bli utført 4 eller fleire tilsynsbesøk i alle høve i begynnelsen av opphaldet.

Det kom fram i orienteringa at det er svikt i tilsynsrapportane ved at desse ikkje alltid er rett ført og av til blir dei berre sendt til utplasseringskommunen. Det vart opplyst at det er vanskeleg å få rekruttert kvalifiserte tilsynsførarar.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 08/11**

**ÅRSMELDING 2010 – GISKE KOMMUNE**

Innstilling datert 30.05.2011 frå kontrollutvalsekretariatet

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek årsmelding 2010 for Giske kommune til orientering.

**SAK 09/11**

**KOMMUNEREKNESKAPEN 2010 – GISKE KOMMUNE**

Innstilling datert 30.05.2011 frå kontrollutvalsekretariatet.

**Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:**

1. Giske kommune sin rekneskap for 2010 blir godkjent
2. Innan enkelte rammeområde ligg det føre overskridingar i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet vil presisere at årsbudsjettet er bindande, jf kommunelova § 47 nr. 2.

Møtet slutt kl. 16.00

Dag Oksnes  
leiar  
(sign.)

Gunnar Morsund  
medlem  
(sign.)

Petra Riste Synnes  
medlem  
(sign.)

Jon Hildre  
varamedlem  
(sign.)

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 03.10.2011

**SAK 11/11  
REKNESKAPSOVERSYN PR. 30.04.2011**

**Formell bakgrunn for rapportering**

Av budsjettforskriftene §10 går følgjande fram:

*”Administrasjonssjefen, eventuelt kommune- eller fylkesrådet, skal gjennom budsjettåret legge fram rapporter for kommunestyret eller fylkestinget som viser utviklingen i inntekter og innbetalingar og utgifter og utbetalingar i henhold til det vedtatte årsbudsjett. Dersom administrasjonssjefen eller kommune- eller fylkesrådet finner rimelig grunn til å anta at det kan oppstå nevneverdige avvik i forhold til vedtatt eller regulert årsbudsjett, skal det i rapportene til kommunestyret eller fylkestinget foreslås nødvendige tiltak”*

Av kommentarane til § 10 går det fram at det skal skje rapportering til kommunestyret om den faktiske utviklinga i inntekter og utgifter sett i forhold til dei inntektene og utgiftene som er ført opp i årsbudsjettet. Rapporteringa skal skje med jamne mellomrom og minimum to gongar i året. Ved tilstrekkelege avvik skal det settast i verk tiltak. Med tiltak blir det meint ikkje berre justeringar av dei oppførte inntektene og løyvingane som er nødvendige for å sikre/oppretthalde kravet om balanse i årsbudsjettet, men også mulige tiltak innanfor budsjetttrammene som t.d. å endre innhald i det kommunale tenestetilbodet.

Generelt sett bør kommunane fastsette reglar for omfang og hyppigheit av rekneskapsrapportering i løpet av året. Det bør også gå fram kva nivå det skal rapporterast på. Dei ulike nivåa bør få rekneskapsrapportering på sitt respektive nivå. Kommunestyret må få rapportering på same nivå som det vedtekne budsjettet. Det bør også føreligge eit system for periodisering av utgifter og inntekter.

Når det gjeld investeringsbudsjettet, så bør rapporteringa også innehalde verbale kommentarar til forskyvingar som følgje av tidleg eller sein byggestart, framdrift, kostnadsoverslag, finansieringsplan og løyvingar. Det bør også lagast eigna rapportar for prosjekt som går over fleire år.

Dersom kommunestyret skal få tilstrekkeleg oversikt, bør rapportering gjerast med same spesifikasjonsgrad som kommunestyret sitt budsjettvedtak med budsjettskjema 1A, 1B, 2A og 2B (driftsbudsjettet-og investeringsbudsjettet).

Rapporten inneheld ikkje periodiserte tal. I møtet vil økonomisjefen orientere om den økonomiske situasjonen og supplere med ein meir ajourført økonomisk informasjon.

På bakgrunn av ovanståande og opplysningar som vil bli presentert i møtet, legg ein saka fram for kontrollutvalet utan forslag til vedtak.

Harald Rogne  
dagleg leiar



Giske kommune  
Rådhuset  
6050 Valderøy  
tel. 70 18 80 00, fax. 70 18 80 01

GISKE KOMMUNE	
Arkivsak	11/9527
Lepernr	11/1127
31 MAI 2011	
Arkivkode P	210
Arkivkode S	
Avd.	Sta
Saksbehandler	Sist
Kassasjon	Gradering

## GISKE KOMMUNE

### REKNESKAPSOVERSYN – PR. 30.04.2011

30.05.2011

**Innleiing.**

I budsjettforskrift § 10 om budsjettstyring, er det eit krav om at det gjennom budsjettåret blir lagt fram rapportar for kommunestyret som viser utviklinga i høve til det vedtekne budsjettet.

Omgrepa *gjennom året* og *rapportar* angir at slik rapportering skal skje med jamne mellomrom, og minimum to gongar pr. år. Utover dette er det ikkje nærare krav til sjølve rapporteringa, slik at den praktiske tilrettelegginga vil vere opp til den einskilte kommune.

Giske kommune praktiserer eit opplegg med tertial-rapportering på einings- og stabsnivå – i tillegg til rapportering for kommunen samla.

Dersom det ligg føre rimeleg grunn til å tru at det kan oppstå nemneverdige avvik mellom rekneskap og det vedtekne, regulerte budsjettet, er det eit krav at det skal gjerast framlegg til tiltak for å rette opp dette.

Med *tiltak* meiner ein ikkje berre justeringar i dei oppførte løyvingar for å få budsjettet i balanse, men også moglege tiltak innanfor rammene, som justeringar av måltal, tenesteinnhald og liknande.

Denne rekneskapsrapportern viser utviklinga i høve til Giske kommune sitt budsjett for 2011 med endringar.

**Rekneskapskjema 1 A. Drift (Pr. 30.04.2011) (Dato: 11.05.2011)**

( 1.000 kr.)

	Regnskap	Budsjett m/endr.	Budsjett opprinn.	Rekneskap
	2011	2011	2011	2010
<b>Regnskapskjema 1A - drift</b>				
Skatt på inntekt og formue	46 110	47 473	47 473	45 753
Ordinært rammetilskudd	62 260	55 417	55 417	33 040
Skatt på eiendom	0	0	0	0
Andre direkte eller indirekte skatter	0	0	0	0
Andre generelle statstilskudd	1 012	2 915	2 965	18 362
<b>Sum frie disponible inntekter</b>	<b>109 382</b>	<b>105 805</b>	<b>105 855</b>	<b>97 155</b>
Renteinntekter og utbytte	727	1 773	1 773	419
Gevins finansielle instrument	0	1 328	1 328	0
Renteutg., provisjoner og andre fin.utg.	8 751	8 117	8 117	8 293
Tap på finansielle instrument	0	0	0	0
Avdrag på lån	148	5 819	5 819	98
<b>Netto finansinnt./utg.</b>	<b>-8 172</b>	<b>-10 835</b>	<b>-10 835</b>	<b>-7 972</b>
Til dekning tidl.regnsk.m. merforbruk	0	0	0	0
Til ubundne avsetninger	0	29	0	0
Til bundne avsetninger	0	117	117	0
Bruk av tidl. regnsk.m. mindreforbruk	0	0	0	0
Bruk av ubundne avsetninger	119	277	134	244
Bruk av bundne avsetninger	313	568	518	171
<b>Netto avsetninger</b>	<b>432</b>	<b>699</b>	<b>535</b>	<b>415</b>
Overført til investeringsregnskapet	199	3 518	199	166
<b>Til fordeling drift</b>	<b>101 443</b>	<b>92 151</b>	<b>95 356</b>	<b>89 432</b>

**Skatt og rammetilskot.**

KS sin prognosemodell oppdatert pr. 16.05.2011 viser at Giske kommune kan få 140 mill. kr. i skatt og 166,2 mill. kr. rammetilskot i 2011. Til saman 306,2 mill. kr. Modellen er basert på folketallet pr. 01.01.2011 - 7.149 personar i Giske kommune.

I kommunen sitt budsjett for 2011 er det lagt inn 143,0 mill. kr. i skatt og 166,9 mill. kr. i rammetilskot. Til saman 309,9 mill. kr.

**Det er med andre ord budsjettert med 3,7 mill. kr. meir i skatt og rammetilskot i 2011 enn det som prognosemodellen pr. 16.05.2011 viser.**

Spørsmålet er då om folketallet i kommunen aukar nok i løpet av 2011 til at budsjettert skatt og rammetilskot blir nådd.

**Andre generelle statstilskot.**

Etter at statstilskot til barnehager no er lagt over i ordinært rammetilskot er det tilskot vedrørande:

- rustiltak (sosialtenesta)
- kvalifiseringsprogram (sosialtenesta)
- tilskot vedrørande flyktingar
- rente- avdrags-kompensasjon (omsorg – skule – kyrkjer)

som blir ført her. Pr. 30.04. er det ført kr. 1.012.000,- i flyktingtilskot

**Renteinntekter og utbytte.**

Giske kommune har her budsjettert med:

- 3 mill. kr. i renteinntekter frå bankinnskot og pengemarked (kraftfondet)
- 4 mill. kr. i gevinst finansielle instrument / aksjer (kraftfond)
- 1 mill. kr. i renteinntekter av bankinnskot
- 1,2 mill. kr. i renteinntekter frå formidlingslån
- Kr. 140.000,- i renteinntekter frå kundar

Vedlagt oversikt viser at kommunen pr. 30.04.2011 hadde kr. 2.304.000,- i renter/avkastning på "kraftfondet". Pr. 30.04. i fjor hadde komunen 6,6 mill. kr. i renter/avkastning på "kraftfondet". Pr. 30.05.2011 er avkastninga ikkje høgare enn kr. 800 – 900.000,.

Øvrige renteinntekter pr. 30.04.2011 utgjorde kr. 727.000,-.

**Renteutgifter, provisjoner og andre finansutg – Avdrag på lån**

Det er budsjettert med 23,2 mill. kr. i renter og kr. 17,5 mill. kr. i avdrag på kommunale lån til investeringar - til saman 40,7 mill. kr. Til samanlikning vart det i 2010 utgiftsført 33,4 mill. kr. i renter og avdrag. Budsjettet samla her bør halde.

Kommunen si lånegjeld til investeringar er pr. 30.04.2011 på 609,3 mill. kroner etter at det i mars månad 2011 vart teke opp 83,5 mill. kr. til investeringar i 2011. 445 mill. kr. eller 73 % av lånegjelda er fastrente i gjennomsnitt 2,4 år til ein gjennomsnittleg rentesats på 4,19 % p.a.. Den samla lånegjelda har pr. 30.04.2011 ei snittrente på 3,76 % p.a.



**Avsetninger / bruk av avsetninger.**

Det er i 2011 budsjettet med bruk av ubunde disposisjonsfond drift med kr. 700.000,- og avsetning med kr. 88.000,-. D.v.s. netto bruk av ubunde disposisjonsfond drift på kr. 612.000,-.

I tillegg er det budsjettet med kr. 135.000,- i bruk av andre (ubundne) driftsfond.

Det vidare budsjettet med kr. 352.000,- i avsetning til bunde fond og kr. 1.711.000,- i bruk av bunde fond. I hovudsak dreier dette seg om bruk og avsetning av fond innan VAR-sektor. (Vatn-avløp-renovasjon).

**Rekneskapsskjema 2 A, Investering: (pr. 30.04.2011) Heilårs tal: (Dato: 11.05.2011)**

(1.000 kr.)

Økonomiske oversikter	Regnskap	Budsjett,m/endr	Budsjett opprinn	Rekneskap
	2011	2011	2011	2010
<b>Regnskapsskjema 2A - Investering</b>				
Investeringer i anleggsmidler	20 272	191 190	173 029	100 004
Utlån og forskutteringer	4 865	8 600	8 600	9 824
Avdrag på lån	457	1 200	1 200	1 141
Avsetninger	0	0	0	118
<b>Årets finansieringsbehov</b>	<b>25 594</b>	<b>200 990</b>	<b>182 829</b>	<b>111 087</b>
<b>Finansiert slik:</b>				
Bruk av lånemidler	4 865	182 545	168 685	100 445
Inntekter fra salg av anleggsmidler	792	610	610	2 746
Tilskudd til investeringer	0	0	0	170
Mottatte avdrag på lån og refusjoner	699	7 207	12 904	4 186
Andre inntekter	0	30	30	45
<b>Sum ekstern finansiering</b>	<b>6 356</b>	<b>190 392</b>	<b>182 229</b>	<b>107 592</b>
Overført fra driftsregnskapet	199	10 598	600	3 495
Bruk av avsetninger	0	0	0	0
<b>Sum finansiering</b>	<b>6 555</b>	<b>200 990</b>	<b>182 829</b>	<b>111 087</b>
<b>Udekket/udisponert</b>	<b>19 039</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

**Periodisert rekneskap- / budsjettal drift pr. 30.04.2011 (periode 1 – 4): Dato: 11.05.2011.**

	Regnskap	Per.b(end)	Avvik(per.)	Regnskap
	2011	2011	0	2010
10 LØN OG SOSIALE UTGIFTER	97.384	99.340	-1.957	92.048
11 KJØP AV VARER OG TENESTER	8.879	9.727	-848	9.410
12 KJØP UTSTYR M.V. OG INTERNKJØP	4.239	4.465	-226	5.937
13 KJØP AV TENESTER - U/ KOMM. EIGENPROD.	23.566	18.127	5.438	8.509
14 OVERFØRINGSUTGIFTER	5.200	4.757	443	12.889
15 FINANSUTGIFTER	15.079	24.145	-9.066	15.045
<b>Sum utgifter</b>	<b>154.346</b>	<b>160.561</b>	<b>-6.215</b>	<b>143.838</b>
16 SALSINNTEKTER	-18.820	-19.802	983	-19.642
17 REFUSJONAR OG INTERNSALG	-10.165	-21.321	11.156	-14.740
18 OVERFØRINGSINNTEKTER	-109.540	-105.865	-3.675	-97.216
19 FINANSINNTEKTER OG FINANSTRANS.	-7.127	-10.490	3.363	-7.322
<b>Sum inntekter</b>	<b>-145.652</b>	<b>-157.478</b>	<b>11.826</b>	<b>-138.921</b>
<b>TOTALT</b>	<b>8.694</b>	<b>3.083</b>	<b>5.611</b>	<b>4.917</b>

**Periodiserte rekneskaps-/budsjettal ovanfor viser m.a.:****Hovedart 10 – Løn og sosiale utgifter.**

Etter 4 måneder viser hovedart 10 eit mindreforbruk på 1,957 mill. kr. i høve til budsjettet. Korrigert for møtegodtgjersle og premieavvik som ikkje blir rekneskapsført månadleg, samt sjukelønsrefusjon for april som ikkje er ført vil mindreforbruket blir ca. 1,4 mill. kr. etter 4 månader for heile kommunen.

**Hovedart 11 – Kjøp av varer og tenester**

Hovedart 11 kjøp av varer og tenester viser eit mindreforbruk på kr.848.000,- i høve periodisert budsjett for 4 månader. Det er også utgiftsført kr. 531.000,- mindre enn på same tidspunkt i 2010.

**Hovedart 12 – Kjøp av utstyr m.v. og internkjøp**

Hovedart 12 Kjøp av utstyr m.v. og internkjøp viser eit mindreforbruk på kr. 226.000,- i høve til periodisert budsjett

**Hovedart 13 – Kjøp av tenester – u/kommun. eigenprod.**

Hovedart 13 – Kjøp av tenester – u/kommun. eigenprod. Viser eit meirforbruk på kr. 5.438.000,- i høve til periodisert budsjett. Dette ligg i hovesak på art 1370 kjøp av tenester frå private. Her er periodiseringa i høve utbetaling av tilskot til private barnehager feil. Dei private barnehagane får utbetalt tilskot forskot pr. kvartal

**Hovedart 17 – Salsinntekter**

Her vil det på slutten av året bli inntektsført store beløp på art 1700 Refusjon frå staten til omsorgssektoren.

Tilsvarande vil ein forholdsvis stor del av mva.kompensasjonen frå investeringar kome inn i driftsrekneskapen utover i året.

\*\*\*\*\*

## Rekneskap og budsjett pr. 30.04.2011 ser slik ut på rammeområda:

1.000 kr.

Dato: 20.05.2011	NETTO DRIFTSUTGIFTER		NETTO DRIFTSUTG	NETTO DRIFTSUTG
	REKNESK 2011	BUDSJ./M/ENDR 2011	AVVIK REKNESKAP- BUDSJETT	REKNESK 2010
RAMMEOMRÅDE	PERIODE 1-4	PERIODE 1-4	PERIODE 1-4	PERIODE 1-4
1. Politisk styring	773	1.238	-465	794
2. Kommuneleiling – stab	7.155	6.973	182	6.735
3. Fellesutgifter – fellesinntekter	2.493	3.199	-706	1.969
4. Diverse tenesteområde	19.136	13.691	5.444	4.136
5. Oppvekst	36.404	34.938	1.466	30.630
6. Barn – familie – helse	9.916	10.028	-112	8.686
7. Sosial – omsorg	36.137	29.201	6.936	33.754
8. Miljø og kultur	2.576	2.355	221	1.717
9. Tekniske ( eks: VAR)	4.791	4.463	328	4.866
10. Kyrkjelege føremål	1.186	1.524	-338	852
SUM	120.567	107.610	12.957	85.867

Konklusjon – oppsummering:

Ut i frå tertialrapporter m.v. frå einingar kan ein konkludere med at det etter 1. tertial i første rekke er innan rammeområde 5 oppvekst det har vore størst problem med å halde budsjettet. Spesielt gjeld dette Valderøy barneskule – men denne skulen har fått overført ufordelte lønsmidlar på 1,9 mill. kr. frå Ansvar 2300 Grunnskule ufordelt. Innanfor rammeområde 6 Barn – familie – helse er det også meldt om at budsjettet innan barnevern er for lavt.

På inntektssida er det som vanleg stor usikkerheit med omsyn til avkastning på "kraftfondet". Kommunen er også budsjettmessig avhengig av å føre momskompensasjon frå investeringar (60 %) inn i driftsrekneskapen.

Tala i ovannemnde matrise på rammeområde 4 Div. tenesteområde er påverka av misvisande månadleg periodisering av tilskot til private barnehagar.

Tala på rammeområde 7 Sosial – omsorg er mykje påverka av mva.kompensasjon frå investeringa i nytt omsorgssenter på Valderøya.

\*\*\*\*\*

Vedlegg:

- KS prognosemodell for skatt og rammetilskot i 2011 til Giske kommune.
- Oversikt over skatteinngangen i Giske kommune pr. 30.04.2011.
- Oversikt over avkastning på aksjer, obligasjonar, pengemarked, eigedom m.v. pr. 30.04.2011.
- Oversikt over uttak av avkastning frå "kraftfondet" til drift sidan oppstart.
- Gjeldsoversikt pr. 30.04.2011.

Valderøy, 30.05.2011

Sigmund Strand  
Økonomisjef

## GISKE 1532

faste år 2011-priser for årene 2011 - 2015

## PROGNOSE

1000 kr.	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Innbyggertilskudd (likt beløp pr innb)	47 227	51 151	64 438	71 057	135 179	134 908	135 136	135 364	135 496
Ugiftsutjevning	1 123	2 135	5 144	8 847	13 268	13 434	13 443	13 453	13 458
Overgangsordninger (INGAR fra 2009)	283	-10	-411	-172	2 453				
Saker med særskilt fordeling	2 072	2 506	2 128	2 273	1 478	1 478	1 478	1 478	1 478
Nord-Norge-tilskudd/Namdalsstilskudd	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Hovedstadstilskudd (fra 2011 storbytilskudd)	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Småkommunetilskudd	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Distriktsstilskudd Sør-Norge	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Inndelingstilskudd/trekk Nannestad/Ullensaker	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Veksttilskudd	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Ordinært skjønn inkl bortfall av dif.arb. avg. herav gradvis bortfall av dif.arbeidsgiveravgift	937	1 338	1 221	1 364	1 150				
Skjønn til skattesvakekommuner i Sør-Norge (lagt mot hovedskjønn i 2010/2011)	-	-	200	-	2 100	2 100	2 100	2 100	2 100
Skjønn - tap endringer av inntektssystemet	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Justert skjønn momskomp 08	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Samhandlingsreformen fra 2012	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Ekstra skjønn tildeelt av KRD	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Feil inntektstufj 2007/Komp Fysioterapeutmidler 09	-	-20	39	-	-	-	-	-	-
Tiltakspakken 2009/1 mrd mer frie inntekter 2010 med mer	-	2 855	1 518	1 518					
RNB2009 / RNB2010 / Prop 59S	-	1 310	10	10	128				
Sum rammetilskudd uten selskapskatt	51 641	57 101	76 925	84 897	155 756	158 711	158 948	159 186	159 323
Selskapskatt 2007/2008 /Anslag INGAR 2012-2015	2 690	2 425	-	-	-	-200	-140	-70	-50
Sum rammetilsk. ekskl inntektstufj.	54 331	59 526	76 925	84 897	155 756	158 511	158 808	159 116	159 263
"Bykjetreket" (anslag etter 2010)	-25	-19	-9	-4	-7				
Netto inntektstufjevning	14 649	17 366	5 930	9 188	10 457	10 740	10 740	10 740	10 740
Sum rammetilskudd	68 955	76 873	82 846	94 081	166 207	169 251	169 548	169 856	170 003
Rammetilskudd - endring i %		11,5	7,8	13,6	76,7	1,8	0,2	0,2	0,1
Skatt på formue og inntekt	117 682	123 522	141 688	149 444	140 033	144 566	144 566	144 566	144 566
Skatteinntekter - endring i %		5,0	14,7	5,5	-6,30	3,24	-	-	-
Andre skatteinntekter (eiendomsskatt)	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Sum skatt og rammetilskudd (avrundet)	186 637	200 395	224 534	243 525	306 200	313 800	314 100	314 400	314 600
Sum - endring i %		7,4	12,0	8,5	25,7	2,5	0,1	0,1	0,1
Ekstra skjønn tildeelt av fylkesmannen (ufordelt skjønn fra Grønt Hefte - for 2011 fordelt så langt)	2 000	150	200	350	950				
Sum skatt (inkl selskaps) og netto skatteutjevning	135 021	143 313	147 618	158 632	150 490	155 306	155 306	155 306	155 306
Sum - endring i %		6,1	3,0	7,5	-5,1	3,2	-	-	-
Rammetilsk kr pr innb. (m selsk skatt frem til 2008)	10 374	11 343	12 219	13 523	23 419	23 848	23 890	23 933	23 954
Skatteinntekter kr pr innb. uten selskapskatt	17 705	18 227	20 898	21 481	19 731	20 370	20 370	20 370	20 370
Kostnadsindeks (ugiftsutjevningen)	1,0006	1,0054	1,0195	1,0328	1,0413	1,0413	1,0413	1,0413	1,0413



SKATTEINNGANGEN I GISKE KOMMUNE PR. 30.04.2011

Skatt fordelt til Giske kommune i april 2011:	1 484 778
Skatt fordelt til Giske kommune i april 2010:	1 052 437
<b>Skatt i april 2011 i høve til april 2010:</b>	<b>432 341</b>
Fordelt skatt 01.01. - 30.04.2011:	47 595 180
Fordelt skatt 01.01. - 30.04.2010:	46 805 713
<b>Fordelt skatt i 2011 i høve til 2010 pr. 30.04.2011</b>	<b>789 467</b>
%-vis endring i fordelt skatt i 2011 i høve til 2010 pr. 30.04.2011	1,69 %
Budsjettert skatt i 2011	142 991 000
Skatteinngang i 2010	149 443 744
<b>Budsjettert endring skatt 2011 - 2010:</b>	<b>-6 452 744</b>
Budsjettert %-vis endring:	-4,32 %
Skatteinngang i høve til budsjett i 2011 pr. 30.04.2011:	
Fordelt skatt pr. 30.04.2011	47 595 180
Budsjettert skatt pr. 30.04.2011	44 783 706
<b>Skatteinngang over / under budsjettet:</b>	<b>2 811 474</b>

S K A T T E I N N G A N G :

	.2009	. 2010	. 2011	%-vis endr. pr. måned	%-vis endr. totalt
Januar	16 582 042	Januar 18 496 058	Januar 21 554 814	16,54 %	16,54 %
Februar	3 193 889	Februar 3 016 117	Februar 3 234 550	7,24 %	15,23 %
Mars	20 560 868	Mars 24 241 101	Mars 21 321 038	-12,05 %	0,78 %
April	3 739 730	April 1 052 437	April 1 484 778	41,08 %	1,69 %
Mai	25 816 966	Mai 26 996 754	Mai		
Juni	3 969 168	Juni 1 882 699	Juni		
Juli	17 263 649	Juli 19 492 475	Juli		
August	612 386	August 783 554	August		
September	23 010 796	September 25 185 414	September		
Oktober	-431 621	Oktober -1 545 145	Oktober		
November	25 697 536	November 29 110 463	November		
Desember	1 672 327	Desember 731 817	Desember		
<b>Total sum:</b>	<b>141 687 736</b>	<b>Total sum: 149 443 744</b>	<b>Total sum: 47 595 180</b>		

## GISKE KOMMUNE

AVKASTNINGSOVERSIKT PR. 30.04.2011

"KRAFTFOND"

1.000 KR

DATO:	K A P I T A L						AVKASTNING 2011						FORVALT. KAPITAL INKL. AVKASTN
	STORE- BRAND KAP. FORV.	CARN- NEGIE	PARETO	STORE- BRAND DIV. FOND	SPB.MØRE	STORE- BRAND KAP. FORV.	CARN- NEGIE	PARETO	STORE- BRAND DIV. FOND	SPB.MØRE BANKKTO	SAMLÅ AVK./RTR	DISPONIB AVK./RTR	
30.01.11	804	31 502	112 935	2 776	61 499								209 516
31.01.11	804	32 266	112 455	2 903	61 435	764	-480	127	-64	347	243		209 863
28.02.11	804	32 398	113 734	2 903	61 690	896	799	127	191	2 013	1 409		211 529
31.03.11	804	32 536	113 504	2 903	61 817	1 034	569	127	318	2 048	1 434		211 564
30.04.11	774	32 689	113 449	2 930	61 978	1 187	514	154	479	2 304	1 613		211 821
31.05.11													-
30.06.11													-
31.07.11													-
31.08.11													-
30.09.11													-
31.10.11													-
30.11.11													-
31.12.11													-

AVKASTNINGSOVERSIKT PR. 30.04.2011	% AVK. I 2011	KRONER	ALLOKERING - KAPITAL (INKL. RENTER)	KRONER	ANDEL %
AVKASTNING STOREBRAND KAP.FORV.	-30	-30	AKSJER, AKSJEFOND	68 950	32,6
AVKASTN. CARNEGIE - AKSJER, OBLIG. M.M.	304	304	EIGEDOM (SVERIGE) - CARNEGIE	11 333	5,4
AVKASTN. CARNEGIE - EIGEDOM	883	883	EIGEDOMSFOND STOREBRAND	930	0,4
AVKASTN. PARETO	514	514	OBLIGASJONAR / OBLIGASJONSFOND	6 889	3,3
AVKASTN. STOREBRAND DIVERSE FOND	154	154	PENGENMARKED / ANSV. LÅN / BANK	121 719	57,5
AVKASTN. SPAREB. MØRE	479	479	BANKSPARING IM/ AKSJEAVKASTNING	2 000	0,9
SUM AVKASTNING + RENTER 01.01. - 30.04.2011:	2 304	2 304	TOTAL	211 821	100,0

PLASSERINGER (INKL. AVKASTN/RENTER): 1.000 KR. ANDEL%

STOREBRAND KAPITALFORVALTNING:

AKSJER PRIVATE EQUITY	653	84,4 %
BANKINNSKOT	121	15,6 %
<b>SUM:</b>	<b>774</b>	<b>100,0 %</b>

CARNEGIE:

AKSJER	1 203	3,7 %
PENGEMARKED, ANSV. LAN, BANK EIGEDOM (SVERIGE)	20 154	61,7 %
	11 333	34,7 %
<b>SUM:</b>	<b>32 689</b>	<b>100,0 %</b>

PARETO

KONTANT (BANK)	46	0,0 %
PENGEMARKEDSFOND	54 212	47,8 %
OBLIGASJON (KOMMUNALBANKEN)	4 800	4,2 %
AKSJEFOND (KOMBINASJONSFOND PARETO AKTIV)	54 391	47,9 %
<b>SUM:</b>	<b>113 449</b>	<b>100,0 %</b>

SPAREBANKEN MØRE:

BANKINNSKOT (SÆRVILKÅR)	18 769	30,3 %
BANKINNSKOT (AKTIV FORVALTNING)	3 106	5,0 %
PENGEMARKEDSFOND HOLBERG LIKVIDITET	10 434	16,8 %
PENGEMARKED (OBLIG. DIV. NORSKE SELSKAP)	14 877	24,0 %
OBLIGASJONSORTEFØLJE	2 089	3,4 %
AKSJER UTLAND	5 611	9,1 %
AKSJER INNLAND	7 092	11,4 %
ØVRIGE - BANKKJØPER - EIGENKAPITALBEVIS	-	0,0 %
<b>SUM:</b>	<b>61 978</b>	<b>100,0 %</b>

STOREBRAND

BMA ASIA 2007 - 2011	2 000	68,3 %
STOREBRAND EIGEDOMSFOND	930	31,7 %
<b>SUM:</b>	<b>2 930</b>	<b>100,0 %</b>

**SUM TOTAL 211 821**

GISKE KOMMUNE  
KAPITALFORVALTNING

## AVKASTNING 1.000 KR.

ÅR:	AVKASTN.	.70 % AVKASTN
.2000	3 856	2 699
.2001	-2 059	-1 441
.2002	-9 397	-6 578
.2003	14 803	10 362
.2004	15 823	11 076
.2005	24 788	17 350
.2006	18 136	12 695
.2007	7 893	5 525
.2008	2 407	1 685
.2009	22 299	15 609
.2010	21 717	15 202
<b>SUM:</b>	<b>120 264</b>	<b>84 185</b>
<b>GJ.SNITT AVKASTN. PR. ÅR</b>	<b>10 933</b>	<b>7 653</b>

UTTAKINNSKOT

.31.12.2004 SPAREBANKEN MØRE	27 500
<b>UTTAK ÅR 2000 - 2004</b>	<b>27 500</b>

.06.06.2005 CARNEGIE	2 500
.06.06.2005 PARETO	2 500
.13.06.2005 CARNEGIE	2 500
.13.06.2005 PARETO	2 500
<b>UTTAK ÅR 2005</b>	<b>10 000</b>

.05.01.2006 SPAREBANKEN MØRE	2 859
.00.01.2006 SPAREBANKEN MØRE	770
.09.08.2006 STOREBRAND	300
.03.10.2006 STOREBRAND	170
.06.03.2006 CARNEGIE	2 500
.06.03.2006 PARETO	2 500
.08.12.2006 CARNEGIE	5 000
.08.12.2006 PARETO	5 000
.31.12.2006 STOREBRAND KAP.F.	374
<b>UTTAK ÅR 2006</b>	<b>19 473</b>

.03.01.2007 CARNEGIE	7 500
.03.01.2007 PARETO	7 500
.04.01.2007 STOREBRAND KAP.	374
.06.06.2007 STOREBRAND PENDEL	300
.21.06.2007 STOREBRAND KAP.	370
<b>UTTAK ÅR 2007</b>	<b>16 044</b>

.15.01.2010 SPAREBANKEN MØRE	10 000
.15.03.2010 SPAREBANKEN MØRE	17 000
.17.03.2010 SPAREBANKEN MØRE	2 000
<b>UTTAK ÅR 2010</b>	<b>29 000</b>

<b>SUM SAMLA UTTAK</b>	<b>102 017</b>
------------------------	----------------

.30.06.2005 CARNEGIE	5 000
.30.06.2005 PARETO	5 000
<b>INNSKOT ÅR 2005</b>	<b>10 000</b>

.MARS 2007 PARETO	15 000
<b>INNSKOT ÅR 2007</b>	<b>15 000</b>

.29.03.2010 SPAREBANKEN MØRE	10 000
<b>INNSKOT ÅR 2010</b>	<b>10 000</b>

<b>SUM SAMLA INNSKOT</b>	<b>35 000</b>
--------------------------	---------------

<b>NETTO UTTAK:</b>	<b>67 017</b>
---------------------	---------------



**Gjeldsportefølje**  
**Giske kommune (gjeld)**  
 April 30, 2011

Verdipapirer	Security Symbol	Kupong måned	Forfalls Dato	Dur.	Kupong rente	Beholdning	Pl. renter	Vekt %
<b>SERTIFIKATER</b>								
Giske kommune 2.985% 150911	1058788	January	09-15-11	0.4	2.99	113,000,000	2,097,760	19
Kommunalbanken 2.636% 210911 (Giske)	20110146	January	09-21-11	0.4	2.64	83,500,000	271,364	14
SUM SERTIFIKATER				0.4	2.84	196,500,000	2,369,123	32
<b>OBLIGASJONER FRN</b>								
Husbanken 03/23 (Giske)	135179117	October	08-01-25	0.0	2.70	2,616,120	494,468	1
Husbanken 05/27 (Giske)	135116580	April	01-01-27	0.0	2.70	909,157	149,488	0
Husbanken 10/40 Sandnesbakken (Giske)	14632370	May	11-01-40	0.0	2.80	2,182,000	33,773	0
Husbanken 10/40 Synnes (Giske)	14632371	May	11-01-40	0.0	2.80	2,528,000	39,128	0
Kommunalbanken FRN 07/12 (-0.20 bp)Gis	20070124	September	03-21-12	0.4	2.60	73,000,000	237,250	12
Kommunalbanken FRN 08/13 (-0.15 bp)Gis	20080092	September	03-20-13	0.4	2.65	76,600,000	253,738	13
Kommunalbanken FRN 08/15 (-0.14 bp)Gis	20080096	September	03-18-15	0.4	2.66	69,997,044	232,740	11
Kommunalbanken FRN 10/13 (+ 15bp) Gisk	20100126	September	09-18-13	0.4	2.95	100,000,000	368,750	16
Kommunekreditt FRN 07/14 (-0.19 bp)Gis	10756	March	03-19-14	0.4	2.61	85,000,000	277,313	14
SUM OBLIGASJONER FRN				0.4	2.71	412,832,321	2,086,647	68
<b>RENTEDERIVATER (FAST)</b>								
Renteswap DNBOR 10/15 (Giske)	7140102	September	09-16-15	4.1	3.89	50,000,000	248,528	8
Renteswap Nordea 08/11 (Giske)	790297	March	09-21-11	0.4	4.37	250,000,000	1,304,035	41
Renteswap Nordea 09/15 (Giske)	826228	September	03-18-15	3.6	3.77	25,000,000	117,656	4
Renteswap Nordea 10/17 (Giske)	947015	March	09-20-17	5.7	3.78	60,000,000	283,800	10
Renteswap Nordea 11/17 (Giske)	995697	September	03-15-17	5.3	4.25	60,000,000	219,790	10
SUM RENTEDEIVATER (FAST)				2.4	4.19	445,000,000	2,173,809	73
<b>RENTEDEIVATER (FLYTENDE)</b>								
Renteswap DnBNOR 10/15 (Giske)	71401020	September	09-16-15	0.4	2.80	-50,000,000	-175,000	-8
Renteswap Nordea 08/11(Giske)	7902970	March	09-21-11	0.4	2.80	-250,000,000	-875,000	-41
Renteswap Nordea 09/15 (Giske)	8262280	September	03-18-15	0.4	2.80	-25,000,000	-87,500	-4
Renteswap Nordea 10/17 (Giske)	9470150	March	09-20-17	0.4	2.80	-60,000,000	-210,000	-10
Renteswap Nordea 11/17 (Giske)	9956970	September	03-15-17	0.4	2.81	-60,000,000	-145,080	-10
SUM RENTEDEIVATER (FLYTENDE)				0.4	2.80	-445,000,000	-1,492,580	-73
<b>TOTALT</b>				<b>1.8</b>	<b>3.76</b>	<b>609,332,321</b>	<b>5,136,999</b>	<b>100</b>

**SUNNMØRE**  
**KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 03.10.2011

**SAK 12/11**  
**PRAKTISERING AV OFFENTLEGLOVA, AJURFØRING AV POSTJOURNAL OG**  
**SVAR OG FORHOLDET TIL FRISTAR I FORVALTNINGSLOVA**

Eg viser til tidlegare utsendte foreløpige rapport om temaet ovanfor. Dersom høyringssvar og innarbeiding av dette i rapporten blir gjort før kontrollutvalet sitt møte, kan det bli gjort ei realitetsbehandling av temaet. I motsett fall vil saka bli lagt fram som ei orienteringssak med påfølgjande behandling i eit seinare møte.

Av same grunn blir det ikkje laga forslag til vedtak.

Harald Rogne  
dagleg leiar

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 05.10.2011

**SAK 12/11  
PRAKTISERING AV OFFENTLEGLOVA, AJOURFØRING AV POSTJOURNAL  
OG SVAR I FORHOLD TIL FRISTAR I FORVALTNINGSLOVA**

Som vedlegg følger:

- Rapport av 04.10.2011 med vedlegg, vedkomande ein kontroll over utvalde forvaltningsområde i Giske kommune.

Advokat Kjetil Kvammen har på vegne av sekretariatet utført ein avgrensa gjennomgang av ulike kontrolltema. Oppdraget er forankra i kontrollutvalet sine vedtak frå oktober 2009, jf. utvalet si sak 22/09 og vedtak av 05.05.2011, sak 04/11. I rapporten er det gjort greie for aktuell lovheimel for kontrollen.

Rapporten konkluderer med nokre anbefalingar til tiltak. Desse bygg på ein avgrensa kontroll. Når det gjeld tilhøvet til offentleglova ligg det eit relativt breitt grunnlag til grunn for rapporten. Det er tale om gjennomgang av i underkant av 700 dokument fordelt over ca. 10 månader. Konklusjonane på dette området må difor seiast å vere representativt for kommunen sin praksis. Men sjølv om talet på avvik ikkje er berre lite i høve til talet på kontrollerte dokument, så er talet på typar av dokument langt lågare. Endring i praksis for berre ein dokumenttype, vil difor femne over mange enkeltsaker.

Når det gjeld tilhøvet til førebelse svar og spørsmål om rettidig føring av kommunen sin postjournal, så går det fram av rapporten at grunnlaget ikkje så breitt, samtidig som det til ein viss grad bygg på kommunen sine eigne utveljingar av saker. Det er derfor av ulike grunnar generelt teke atterhald om at grunnlagsmaterialet for tilrådingane kanskje ikkje på alle punkt er representativt for konklusjonane. Det går elles fram av rapporten at kommunen sin rutinar og praksis når det gjeld journalføring av dokument i all hovudsak ligg innafør krava i lov og forskrift. Dette er óg å vente då kommunen nyttar det velkjende NOARK-systemet for dokument og saker. Likevel peikar rapporten på ei sak der det anten kan vere feil ved journalføringa eller at den manglar.

Gjennomgangen av tilhøvet til svarfristar i lova har ikkje avdekka særlege avvik hjå kommunen. Nokre saker er undersøkt og funne i orden når det gjeld svarplikt. Sjølv om grunnlaget ikkje er stort når det gjeld enkeltsaker og talet på sakshansamarar, finn utvalet likevel å kunne leggje til grunn at rapporten sin konklusjon er dekkjande for praksisen i kommunen.

All papirbasert post som gir grunnlag for saksbehandling skal stemplast med eit journalstempel og opplysningar frå journalen blir til vanleg påført det enkelte dokumentet slik at dette kan bli knytt til journalen. Det er berre papirbaserte dokument som blir stempla og påførde registeropplysningar. I kommunen sitt NOARK- arkivsystem er det innebygd funksjonar for registrering og påføring av journalopplysningar på elektroniske dokument som blir knytt til sak. Å påføre dokumenta dekkjande arkivkodar etter klassifikasjonssystemet som er i bruk, blir kalla for klassering. Det er i følgje rapporten ikkje funne nemnande feil omkring desse prosessane.

Rapporten har ein heller grundig gjennomgang av tilhøvet til offentleglova sine reglar, særleg med hovudvekt på vurdering av unntaka frå hovudregelen om at alle dokument er offentlege. Sentralt står her teieplikta.

Rapporten peikar på nokre tilfelle der unntaka synest å gå for langt. Denne konklusjonen må lesast med dei atterhalda som er nemnde ovanfor. Rapporten oppsummerar nokre anbefalingar, m.a. at kunnskapen omkring offentleglova og unntaka alltid bør bli oppdatert slik at formålet med den nye lova lettare kan innfriast.

Rapporten konkluderar vidare med behov for oppfølging av restanselistene som er lange og utoversiktlege. Denne delen av saksgangsystemet blir derfor neppe brukt etter føresetnadene. I § 3-8 i arkivforskrifta heiter det at "når saksbehandlinga er avslutta.." skal det dokumentet som var opphav til saksbehandlinga (det innkomne brevet eller liknande) "avskrivast i journalen" og alle dokumenta skal tilbake til arkivtenesta. Det er óg rom for noko betring av rutinane med ájourhald i saksgangregisteret. Når det gjeld svarfristar er det ikkje avdekkja forseinkingar av særleg omfang, jf. ovanfor.

I eit vedlegg til rapporten er det framlagt ei undersøking som viser praktisering av offentleglova i nokre andre kommunar. Denne gir eit innsyn i aktuelle spørsmål. Ut frå det som er lagt fram gjennom rapporten, jf. det som no ligg føre, legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

#### **innstilling:**

1. Kommunestyret viser til rapport om praktiseringa av offentleglova, journalføring, svarfristar m.m. og ber administrasjonen vurdere å gjennomføre dei forslaga til forbetringar som rapporten inneheld, jf. pkt.7.1. og 7.2.
2. Rapporten blir elles teken til orientering.

Harald Rogne  
dagleg leiar

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 03.10.2011

**SAK 13/11  
PROSJEKTPLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON – GJENNOMGANG AV  
RESSURSBRUK OG RUTINAR INNAN SPESIALUNDERVISNING I GISKE  
KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Prosjektplan datert 28.09.2011

I følge prosjektplanen vil prosjektet ha 3 problemstillingar:

1. Er prinsippa for tildeling av ressursar til grunnskulen god, irekna om dei er eigna til å støtte opp under budsjettbalansen i kommunen?
2. Er rutinane for tildeling av spesialundervisning eigna til å støtte opp under ei tildeling der dei grunnleggjande krava i forvaltningslova er ivareteke?
3. Er det stilt krav til, og gjort evalueringar av, rektorane med omsyn til utvikling og oppfølging av den tilpassa opplæringa?

Mitt inntrykk er at desse problemstillingane fangar opp dei tema som i si tid vart drøfta i kontrollutvalet.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Kontrollutvalet sluttar seg til dei problemstillingane som kjem fram i prosjektplanen og den tidsplanen som er skissert i same dokument.

Harald Rogne  
dagleg leiar

28. september 2011

## FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

### Gjennomgang av ressursbruk og rutinar innan spesialundervisning i Giske kommune

#### PROSJEKTPLAN

I sak 008/10 den 09.02.2010 vedtok kommunestyret, i tråd med ei samrøystes innstilling frå kontrollutvalet, ein forvaltningsrevisjon med utgangspunkt i:

*Ressursbruk for born med spesielle behov ved dei ulike skulane i Giske kommune samt rutinar ved enkeltvedtak for å sikre likebehandling av slike elevar.*

I tråd med vedtaket er føremålet med undersøkinga dels å vurdere ressursbruk innan spesialundervisning ved dei ulike skulane i Giske kommune. Dels å vurdere om rutinane sikrar at elevar med særlege behov får eit likeverdig grunnskuletilbod i tråd med lover og reglar samt vedtak og føresetnadar gitt av kommunestyret.

#### 1. PROBLEMSTILLINGAR

Innleiingsvis vil vi kartlegge ressursbruken mellom dei ulike skulane, då særleg med omsyn til bruk av spesialundervisning. I tillegg vil vi gi eit oversyn og ei kort drøfting av tilsvarande tal for dei største kommunane i revisjonsdistriktet, samt Giske kommune si referansegruppe, gruppe 10 i KOSTRA.

Vi har laga ein tabell nedanfor som gir oversyn over nokre viktige indikatorar som er relevant for å vurdere omfanget av spesialundervisning i Giske kommune.

##### Omfanget av spesialundervisning

<i>Eining og kommune</i>	<i>Timar i alt, per elev</i>	<i>Timar til spesialundervisning</i>	<i>Timar per elev med spesialundervisning</i>	<i>Elevar med spesialundervisning</i>
Vigra skule	73	28 %	268	8 %
Valderøy barneskule	53	14 %	91	8 %
Skjong barneskule	59	6 %	68	6 %
Giske skule	69	16 %	97	11 %
Godøy og Alnes skule	62	27 %	106	16 %
Valderøy ungdomsskule	46	20 %	97	9 %
<b>Giske</b>	<b>58</b>	<b>20 %</b>	<b>119</b>	<b>10 %</b>
Grp 10	60	18 %	122	9 %
Ålesund	57	19 %	193	6 %
Haram	69	18 %	151	8 %
Sula	53	19 %	92	11 %
Sykkylven	54	18 %	88	11 %

Prosjektet vil ha 3 problemstillingar:

- 1) Er prinsippa for tildeling av ressursar til grunnskulen god, irekna om dei er eigna til å støtte opp under budsjettbalansen i kommunen?
- 2) Er rutinane for tildeling av spesialundervisning eigna til å støtte opp under ei tildeling der dei grunnleggjande krava i forvaltningslova er ivareteke?
- 3) Er det stilt krav til, og gjort evalueringar av, rektorane med omsyn til utvikling og oppfølging av den tilpassa opplæringa?

## **2. METODE OG GJENNOMFØRING**

Prosjektet vil verte gjennomført i samsvar med følgjande framdriftsplan:

- Eventuelt oppstartsmøte med rådmann.
- Gjennomgang av rutinar, dokument og politiske saker som omhandlar spesialundervisning.
- Utrekk av statistikk frå nasjonale databaser som GSI over 3 år.
- Intervju med PPT, rektorar og rådmann.
- Intervju med representantar frå fagorganisasjonane.
- Intervju med foreldrerepresentantar.
- Sluttmøte med rådmann.

## **3. REVISJONSKRITERIER**

Etter revisjonsforskrifta skal forvaltningsrevisjon ta utgangspunkt i såkalla revisjonskriterier. Revisjonskriterier er den referanseramma som revisor gjer sine vurderingar opp imot. I prosjektet vil vi ta utgangspunkt i kommunelova med budsjettføreskrifta, opplæringslova med rettleiar om spesialundervisning, forvaltningslova, samt generell teori om styring og kontroll i form av det såkalla COSO-rammeverket. Med dette som utgangspunkt, har vi formulert følgjande problemstillingar:

### **Problemstilling 1**

Med *gode prinsipp* siktar vi til at tildelinga tek vare på krav i opplæringslova samt kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Vidare at ei tildeling i form av ei løyving er stilt opp på ein oversiktleg måte, jmf kl. § 46, slik at kommunestyret sine prioriteringar, samt dei målsettingar og premisser som årsbudsjettet bygg på, kjem tydeleg fram. Ei løyving skal kommunen føre opp med beløp og ein tekst som angir kva løyvinga gjeld, jmf. budsjettføreskrifta § 6. Merknadane til denne paragrafen er også tydeleg på at kommunestyret skal angi mål og premisser knytt til bruken av løyvde midlar.

Kommunelova § 47 angir at budsjettet har ein bindande verknad, og etter andre ledd skal rådmannen gi melding til kommunestyret om endringar i budsjettåret som er vesentlege for dei utgifter som budsjettet bygg på. Vidare etter tredje ledd så skal kommunestyret etter ei slik melding gjere endringar. Det same gjeld når kommunestyret på annan måte er gjort kjend med omstende som kan tyde på ei vesentleg auke i utgiftene i høve til budsjettet.

Unnateke frå kravet om budsjettheimel er utgifter som kommunen har ei rettsleg plikt til å dekkje. Utgifter til spesialundervisning er nemnt som eit unntak, men balansekravet for kommunen gjeld. Ei auke i utgifter til spesialundervisning gjennom året skal då bli rapportert, og kommunen skal angi på kva måte ein skal dekkje desse.

### **Problemstilling 2**

Forvaltingslova inneheld ein del viktige ulovfesta prinsipp, som også gjeld ved tildeling av spesialundervisning. Det første prinsipp er kravet om at ei avgjerd skal vere tufta på eit forsvarleg grunnlag. Ulike sider av saka skal vere gjenstand for drøfting, og forskjellige moment skal vere målt mot kvarandre på ein forsvarleg måte. Eit anna prinsipp er at ei avgjersle skal vere sakleg, som inneber at det i vurderinga ikkje er lagt vekt på omsyn som er utanforliggjande. Eit tredje prinsipp er forbodet mot ei vilkårleg avgjerd. Ei avgjerd som er teke, må kommunen kunne grunngi, og den må vere i samsvar med det skjøn som opplæringslova gir høve til. Eit fjerde prinsipp er at avgjerder ikkje kan vere urimelege.

Det femte prinsipp, forbodet mot usakleg forskjellsbehandling, er det prinsipp som skal vere gjenstand for mest merksemd. I desse tilfella er det ikkje ei einskild avgjersle det eventuelt heftar feil ved. Feilen skjer når ei avgjersle blir samanlikna med ei anna avgjersle. Dette er tilfellet når to elevar har tilnærma likt behov for spesialundervisning, og det blir gitt til den eine eleven, medan den andre ikkje får.

### **Problemstilling 3**

Kommunelova legg ansvaret for internkontrollen til rådmannen, jmf. § 23. Ein god internkontroll inneber ei styring etter prinsipp som gjer kommunestyret trygg for at mål blir nådd. COSO er det mest kjente rammeverket for internkontroll.

Staten styrer kommunane i all hovudsak gjennom lov, forskrift, og økonomiske rammer. Kommunestyret vedtar mål og rammer. Rådmannen gjennomfører og har ansvaret for å levere resultat. For å oppnå dette må rådmannen ha ein god internkontroll. Det er administrasjonssjefen si ivaretaking av internkontrollen for å sikre etterleving av opplæringslova med omsyn til å ivareta individuelle rettar til tilpassa opplæring og spesialundervisning, som vil vere fokus under denne problemstillinga. Etterleving av opplæringslova § 1-3 om at opplæringa *skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den einskilte eleven*, såkalla tilpassa undervisning, er eit av dei viktige måla som rektorane står ovanfor. Då er det viktig at rådmannen følgjer opp, stiller krav og evaluerer utviklinga innanfor dette området.

### **Konkretisering**

I prosjektet vil vi konkretisere ut dei ulike revisjonskriterier med utgangspunkt i det som står ovanfor under problemstillingane.

## **4. TIDSPLAN**

Eit utkast til rapport er planlagt å ligge føre ved utgangen av mars 2012.